

Bibliotek-turne i Hordaland hausten 2016

«Songar» av Jon Fosse i ny tonedrakt



(foto: Singstad Music 2015)

No har Jon Fosse sine tekstar fått nye musikalske føter å gå på. Til hausten 2016 kan folkebiblioteka i Hordaland få besøk av denne karen.

Bergensmusikar Klaus Vatne har tonesett 15 tekster frå diktboka «Songar» (Samlaget 2009). Songane har fått god respons og Klaus har framført *Songar* til fulle hus i Bergen, spelt på litteraturfestival og fleire bibliotek.

No er altså folkebiblioteka i Hordaland neste stopp. Vil de ha eit besøk?

Tekstane er lada med kjend Fosse-stemming og er skrivne for å bli sett musikk til. Dei spenner om både kvardag, sorg og kjærleik, og ikledd musikken til Vatne vil dei lett treffe og begeistre eit større publikum i alle aldrar.

Ditt bibliotek er med dette invitert!

Sagt om Klaus Vatne og Jon Fosse prosjektet:

« Fleire av desse songane har hit-materiale »

Helge Jordal, skodespelar

« For meg er dette solide låtar med eit variert uttrykk, som er med og lyfter teksten til Fosse. Godt handverk, rett og slett. »

Viggo Kruger, gitarist Pogo Pops

« Det har vorte riktig så fine viser ut av dette »

Steinar Thorsen, teaterprodusent

« Dette er Fosse-dikt i vakker musikalsk innpakning »

Jan Erik Kolaas, Biblioteksjef Vaksdal folkebibliotek

Songar



(*Songar*, Samlaget 2009. Les omtala om diktsamlinga [Songar](#) her)

Innhald vidare i brosjyren:

Tidlegare bibliotek-konsertar	s 3
Referanse biblioteksjef Vaksdal	s 3
Medieomtale og singlar	s 4
KONTAKT og BOOKING	s 4
Prisar og ulike konsertformat	s 5
Konsept kan tilpassast ulike målgrupper og høve	s 6
Om musikantar	s 7
Om <i>Songar</i> og min eigen veg inn i tekstane	s 9
Verkliste	s 11

Med fleire bibliotek-konsertar på samvitet



(Klaus Vatne. Foto: Sverre H Skilbreid 2015)

Vatne har vitja biblioteka på Dale og Vaksdal og hadde mellom anna ein konsert på Hovudbiblioteket i Bergen i januar 2016. Han skal besøke fleire filialar og planlegg no ein «bibliotek-turne» i heile Hordaland fylke hausten 2016.

Ditt bibliotek er med dette invitert.

Referanse: Biblioteksjef Vaksdal Folkebibliotek Jan Erik Kolaas [Mob 993 84 437](tel:99384437)

Bergen Offentlige Bibliotek

Emner Tjenester Samlinger

Barn UNG Musikk Litteratur Spill og digitalt Språk Film

Du er her: Forside / Kalender / Klaus Vatne spiller "Songar" av Jon Fosse

Klaus Vatne spiller "Songar" av Jon Fosse

Jon Fosse blir tonesatt på Noterommet.

Bergensmusiker Klaus Vatne spiller egne sanger med tekster hentet fra Jon Fosses *Songar* (Samlaget 2009) og med seg har han Viggo Kruger (Pogo Pops) på el-gitar som fyller ut med lyriske blåtoner. *Songar* er skrevet med den hensikt å skulle tonesettes, og er derfor et spennende bidrag i Fosses produksjon. Tekstene er ladet med Fosse-stemming og spenner om tema som kjærlighet, håp, sorg og hverdag.

Hva	• Anbefalt arrangement • Utsolgt • Konsert
Når	28.01.2016 fra 19:00 til 20:00
Hvor	Hovedbiblioteket, Noterommet
Navn, kontaktperson	Charlotte Myrbråten
Telefonnummer, kontaktperson	95139006
Legg hendelse til i kalenderen	iCal (Windows, Linux) jCal (Mac OS X)

Charlotte Myrbråten
Publisert 04.01.2016, sist endret 05.01.2016 - 10:07

(faksimile av Bg off bibliotek si annonse)

Lenker til media, singlar og webside

(klikk på lenkene under)

Bergens Tidende

[Omtale BT](#)

[Omtale BT visekveld Helge Jordal](#)

[Omtale Vaksdalposten](#)

Kontakt og Booking

Klaus Vatne



[Heimeside Facebook](#)

www.klausvatne.no

klausvatne@yahoo.com Booking på mail/tlf

Mob 97 12 61 46

Utgivingar

Vatne har utgitt singlarne *Lyssong* og *Første hundesong* på eigen label/plateselskap, *Emina Records* i 2014 og 2015. Desse har vore spelt på mellom anna P1 og Ordentlig radio. *Lyssong* er spelt inn og miksa i *Solslottet studio* (Iver Sandøy, sam-lokalisert med *Duper* i Bergen Kjøtt lokalar) medan *Første Hundesong* vart spelt inn i *Havnelageret studio* med Daniel Birkeland bak spakane.

Lyssong



[Klaus Vatne – Lyssong](#) **Følg lenka (klikk)**

eller søk på Klaus Vatne i ei straumeteneste

Første hundesong



[Klaus Vatne – Første hundesong](#) **Følg lenka (klikk)**

eller søk på Klaus Vatne i straumeteneste

Ulike konsertformat



Alternativ	Samansetting	
Klaus solo	Klaus aleine med gitaren	Passer i liten filial
Intimkonsert	Duo/ trio konsept klaus og viggio kruger på gitar (Pogo pops) Evt med kontrabass og fiolin	Krydra med blåtonar. Fungerer fint i filial eller anna og større lokale
Band	Kvartett med trommar (Kruger, Pogo Pops, Einar Olsson frå Casiokids, m fl)	Til konsertlokale, kulturhus, senter, skulekonsert mv

Litt om konsertformata

Trio/duo er eit bra allround konsept for intimkonsert. Solo/duo kan passe bra i ein liten filial. Band er for litt større settingar som t.d. fellesarrangement, senter, større filial, kulturhus, skulekonsert mv.

Prisar

Samansetnad	Egna lokale	Pris*
Solo	Filial.	3500
Duo	Alle filialar, andre settingar	6000
Trio	Allround, eignar seg til mykje	9000
Fullt Band m trommar	Fellesarr, skulekonsert, større	12000

*Det er søkt om turnestøtte og desse vil kunne dekke ein del av ekstra utgifter, dersom innvilga. Ein må evt ta høgde for noko ekstrautgifter i tillegg til honorar musikantar . Fleire filialar kan også gå saman i booking for å dele på utgifter. Avkorting i pris kan verte gitt ved bestemte høve. Ta kontakt!

Utstyr

Artist tek med alt nødvendig utstyr (song anlegg og backline, lys) og stiller med eigen lyd/lys-mann i døme der det er naudsynt. Pris for dette må eventuelt dekkast inn av det einskilde bibliotek eller tilskotsmidlar som det vert søkt om

Konsept kan tilpassast ulike målgrupper og høve

Klaus er ein god formidlar og engasjerande.

Han er inkluderande mot publikum og kyndig på Fosse.

Vatne fokuserer på tekstane og er medveten på vinkling.

På oppmoding kan Klaus vinkle og tilpasse konserten – til ulike høve eller alders- og målgrupper. Moglegheitene er mange.

Aktuelle publikumsgrupper

tenestemottakar bibliotek

skule-elevar

litteratur-interesserte

musikk- og teater interesserte

born, unge, vaksne, eldre og folk flest!

Aktuelle settingar og lokalar

Bibliotekfilialar

Skulebibliotek

Skulekonsert

Senter, kulturhus

Forsamlingshus

Fellesarrangement bibliotek

Ulike høve, tema og vinklingar

Vestlandslyrikk

pensum i norskfaget

humor forsoning

kjærleik i litteraturen

Nordisk

alvor

relasjon

gjenkjenning

Fosse som lyrikar

Fosse og musikken

blues som klangbotn

Nynorsk

Samtidsforfattar

Kvardag og eksistensialisme

Tekstar for ungdom

Tungsinn og von

Tap og lengsle

det uutseielige

oppvekst

studie av tekstar i forkant

dans/drama til songane

Litt om musikantar

Trommeslagar Einar Olsson (Casiokids, Silja Sol m fl) og Viggo Kruger (Pogo Pops, Spelemanns-
prisen) på gitar. Dessutan jazzbassist Alex Grieg (Norvald Dahl trio) på kontrabass og fiolinvirtuos
Leslie Egerer (Ungarn) på fiolin (duo/trio konsept). Dette er nesten for eit draumelag å rekna. Alle
musikantar har ein imponerande CV og Viggo og Eivind har spelt med fleire av Noregs største artistar.

Klaus Vatne – vokal og akustisk gitar.



Klaus Vatne har spelt til fulle hus på scener i Bergen, ved WT litteraturfestival i Os, Hovudbiblioteket i Bergen og på Daledagane, Vaksdal kommune. Han har vitja «Vaksne Herrars Orkester» på Logen Bar og dessutan vist fram songane sine til eit begeistra publikum på viseshowet "Thorsen og di" der mellom anna Helge Jordal og Katrine Lunde McKenzie medverka. Musikken hans er blitt spelt på P1 og andre stasjonar. Han har fått omtale fleire gonger i Bergens Tidende, Vaksdalposten og Framtida.

Viggo Kruger – elgitar



Viggo treng inga nærare presentasjon; medlem i Pogo Pops og rekna bland dei beste rock- og blues gitaristane i Bergen. Doktorgrad i musikkterapi og har vunne Spelemannspris med Pogo Pops. Viggo tilfører Fosse-songane vakre dimensjonar med blå gitarmelankoli så vel som gnistrande solo'ar.

Einar Olsson - trommer



Einar Olsson har ein lang CV. Trommis i Casiokids, spelar for tida med Silja Sol og Good time Charlie, tidlegare Tor Endresen, O Stedje m fl. Einar er ein sentral rock og pop trommis i musikklivet i Bergen.

Leslie Egerer – filolin



Leslie Egerer er opphavleg frå Ungarn og spelte ved Budapest symfoniorkester i ei rekke år. Leslie trakterer alle stilartar glitrande på fela og er ein skikkeleg virtuos. Han er sær s aktiv i musikarmiljøet i Bergen og har spelt med artistar som Tor Endresen, Kim Fairchild, Helge Jordal, for å nemne nokre få.

Alexander Grieg – kontrabass.



Alexander er ein røynd jazz-musikar som har spelt mykje med Nils Are Drønen, Steinar Urheim, Norvald Dahl trio m fl. Alex har ein lett «dansande» stil på bassen, noko som treff godt på Fosse-songane.

Om «Songar» og min eigen veg inn i tekstane



Songar

[Songar](#) vart skriven som bestillingsverk til Festspela i Bergen 2009, og er skriven eksplisitt for å kunne tonesetjast, den gong fekk det tonar av Gabriel Fliflet. Fosse har her «lagt seg i selen» og held seg til ei jamn versrytme, som gjer tonesttinga lettare. Sjølv snubla eg over tekstane i 2011 og vart straks inspirert til å gjere noko med dei, noko som resulterte i 15 tonesette tekstar. Så langt.

Målgruppe og bruk

Slik «Songar» står fram i den musikalske drakta eg har kledd dei i, meiner eg dei vil famne breidt mot ulike menneske og aldrar. Mykje fordi Fosse er ein diktar som gjer seg tilgjengeleg og skriv om universelle tema som alle kan kjenne seg att i. Men også fordi musikken er melodios og fengande, laga i ei noko tidlaus stil med peikarar til både blues, rock og pop.

Songar – ein refleksjon frå artisten

Tekstane er smakfull lyrikk med eit enkelt og klart språk. Fosse vert ofte omtalt som ein tilgjengeleg og folkeleg diktar. Som musikar vil eg generelt hevde at musikk og god lyrikk saman har eit potensiale til å skape ei eining som på sitt beste kan verte sterkare enn når dei står kvar for seg. (det kan ein sikkert diskutera !) Eller kanskje er det riktig å seie at tekst og musikk skapar eit *anna* uttrykk enn når dei står kvar for seg. I alle fall, «Songar» har mykje innebygd musikk i seg, og er lada med stemning (som så ofte med Fosse), noko som for meg har gjort det viktig å finne ei musikalsk tråd og ei grunnstemning i kvar tekst. Det vert denne tråden som gir retninga i kvar song.

Dikta til Fosse gir gjenkjenning av grunnleggjande kjensler som lengsel, angst, sorg, kjærleik – og dei lager ei atmosfærisk ramme like mykje som dei er ord som uttrykker ei meining.

Fosse sjølv har sagt at det ikkje er «ei meining» han ynskjer å uttrykke når han skriv poesi. Han vil inn i stemninga, til det usagte og det «utseielege» , kanskje vil han bakom sfæra for refleksjon, inn til dei umedvetne sanningar, lengsler og sjele-rop ein kvar av oss ber på. Kanskje det er der sanninga ligg. Kanskje maktar han også å treffe noko langt der inne som vi ikkje var klar over eksisterte – men som me berre kjenner att når strengane vert spelt på. Noko langt der inne som fortel oss kven vi er. Er det ikkje det god kunst skal då?

Eg har prøvd å følgje opp musikalsk med å formidle noko av dette «usagte» , dette som ein ikkje kan seie direkte med ord, og kva er betre då enn å nytta sjølv hjertespråket, musikk?

Fosse er jo sjølv litt av ein musikar, der han svaier og dansar i kjend stil når han deklamerer dikta sine. Det høyrer jo også med til soga at han spela i band då han var ung. Eg har høyrd at blues er hans hjertespråk. Det kan stemme med «blå-stemninga» i tekstane i så fall.

Absolutt, du vil finne tekstar i «Songar» knytt til det meir trivielle og med eit humoristisk skråblikk. Likevel er grunnstemninga ofte blå og aldri langt borte. Det er noko i dei som stendig vil ned til grunnfjellet, sjølv eksistensen. Om han skriv om at han er «trøytt som ein fisk» eller «gamal som eit rote bord som andar tungt og sakte» så er det like fullt noko som dreg meg ned mot noko djupare, noko usagt, ja kanskje noko evig sant.

Fosse har då også uttalt at skrivinga for han er ei religionsutøving, det kan stadfeste trongen hans til å gå inn i det eksistensielle terrenget.

Litt om mi eiga arbeidsprosess i arbeid med tekstane

Fosse har i dei fleste tekstane lagt seg på ei 3 vers løysing. Noko som gjer det mindre lett å tenkje vers –refreng – vers oppbygginga, noko som sjølv sagt gjer det meir utfordrande og her fins det ulike løysingar. Nokre gongar har eg latt det instrumentale steppe inn der eit refrang eller ein bridge skulle ha vore. (ja eg har ei noko standardisert tilnærming her, men gjer mange unntak frå denne) Andre gongar har eg ganske enkelt brukt eit vers til å laga eit refrang osv. I mange fall er det korte tekstar, noko som også gir ei utfordring (om ein då ikkje vel å syngje veldig sakte i kvar song) til å løyse det reint musikalsk. Eg trur eg har lykkast sånn ganske bra med dette.

Tekstane ber bod om noko genuint

Det som er heilt avgjerande for meg – og spesielt når ein skriv musikk til dikt frå ein annan forfattar – er at det ikkje skal verke som songane er «tilpassa» teksten på eit slikt vis at melodien til slutt missar

si eiga personlegdom og ender opp som «fyllmasse». Låtane skal (som teksten) stå like mykje på eigne bein; ein må unngå den litt «kunst-ifiserte» tolkinga som eg ofte synst kan bli resultatet i slike prosjekter.

Det er ikkje slik at eg har jobba hardt med tekstane for å tvinga dei inn i mi musikalske verd. Men meir at tekstane har kome til meg, som vegskilt og lyst opp vegen eg skulle gå musikalsk. For lyttaren sin del skal det helst(!) høyrast ut som det er ei song eg har dradd rakt ut av ermet fordi sluttproduktet har funne si naturlige og organiske form. (best å ikkje skrive meir no, då vert det kanskje svulstig)

Til sist, ein hårete von eg har er, at musikken tener teksten og at dei saman kan formidle noko som dei ikkje kunne gjort på same måte om dei stod kvar for seg.

Om eg har lykkast med det får du vere dommar over.

Klaus Vatne, Bergen, februar 2016

Tekstar eg har tonesett:

Du-song

I meg-song

Vil bort-song

Første hundesong

Augesong

Redslesong

Kjærleiken er-song

Er trøytt-song

Ser ikkje lenger-song

Første båtsong

Sjøsong

Lyssong

Møtesong

Dumme oss-song

Elska-song